




## BRUK AV ASPIT MEET VIDEOKONSULTASJON



### Personvern

Denne videoløysinga er integrert i lege- og journalsystemet Psykbase og er på sikkerheitsnivå 4. Vi brukar di registrerte e-postadresse eller ditt telefonnummer for å sette opp og gjennomføre videosamtalen. Sjølve videosamtalen er kryptert på høgt sikkerheitsnivå og blir ikkje lagra verken på Internett, eller på serverar. Det er dei same reglane for taushetsplikt i helsepersonellova som gjeld, og journalnotat blir skreve som ved vanleg oppmøte.

### Praktisk informasjon om oppkobling

Dette trengs for videokonsultasjon:

- PC, nettbrett eller smarttelefon med webkamera og mikrofon
- Hodetelefonar eller høgtalar i PC/nettbrett/smarttelefon
- God Internettilkobling
- Eiga e-postadresse, om du vil bruke PC og klikke direkte på aktiv lenke
- Ved invitasjon med e-postadresse kan du bruke både mobil og PC/nettbrett
- Ved invitasjon på smarttelefon får du normalt SMS med lenke


Kva du bør tenkje på før videokonsultasjon:

- Avtale om du ønskjer invitasjon på SMS (smarttelefon) eller e-post (PC/nettbrett)
- Sjekke Internett-tilkoblinga til PC, nettbrett eller smarttelefon og er knytt til eit sikkert nettverk (sikra nett, ikkje usikra nett på flyplass, båt eller liknande)
- Sjekke gjerne bilde (kamera på front) og lyd (mikrofon og høgtalar/hodetelefon)

# OPPKOPLING TIL VIDEOKONSULTASJON

Marit sender invitasjon og du får tilsendt lenke på SMS eller e-post.

Klikk på lenka i nettlesaren - og dette skjermbildet kjem opp:



Klikk på **<Pasient>** for å komme inn i «venterommet»


Skriv inn fullt navn, fyll inn telefonnummer og klikk på **<Neste>**

Gå gjennom spørsmål om bilde og lyd og bekreft **<Ja, gå videre>** eller **<Nei, hjelp meg>**  
Om bilde og lyd fungerer, klikk på **<Ja, gå til møte>**.

Marit får melding på skjermen at du er i «venterommet» (skjermbilde under),  
og vil koble opp når ho er klar til å ta samtalen med deg:



Når du er komme inn i «venterommet», VENT til Marit ringer deg opp (ikkje klikk Avbryt)



Når Marit ringer, klikk på det grønne telefonsymbolet og du er inne i videokonsultasjonen!